



## Møtereferat i brukarutvalet 4.september 2019

**Føremål:** Møtereferat  
**Møtetid:** 4.september kl 11.00 – 16.00  
**Stad:** Tronvik  
**Referent:** Randi Holsen Solheim  
**Møteleiar:** Audun Nedrebø  
**Saksnr:**

| Deltakarar                    |  |          |
|-------------------------------|--|----------|
| Namn                          | Organisasjon                                       | Fråvær   |
| Audun Nedrebø                 | FFO (HLF)  |          |
| Jan-Tore Odd                  | FFO (LHL)  | x        |
| Marita Aarvik                 | FFO (LHL)  | x        |
| Liv Krognes                   | FFO (LPP)  | x        |
| Geir Ytredal                  | FFO (LPP)  |          |
| Torbjörg Aasen                | FFO (LHL)  |          |
| Per Tollefsen                 | SAFO (NFU)   |          |
| Eldbjørg Lie                  | SAFO (NFU)   | x        |
| Frida Galaasen                | SAFO(NFU/NHF)                                      | x        |
| Gro Indrebø                   | Rusettervernet                                     |          |
| Lisbeth Johnsen               | Kreftforeningen - hjernesvulstforeningen           |          |
| Magnus Strand                 | Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne |          |
| Eiliv K. Berdal               | Sogn og Fjordane pensjonistforbund                 |          |
| Synnøve Solhaugen Engen       | KS – Helse og omsorgsutvalet                       |          |
| <i>Elin Therese Sørbotten</i> | <i>KS/Førde kommune</i>                            | <i>x</i> |
| <i>Olav Hesjedal</i>          | <i>Helse Førde</i>                                 |          |

### AGENDA

| Tid          | Nr     | Saker   |
|--------------|--------|---|
| Ca<br>10.00? |        | Avreise frå Førde – fint om vi kan samordne transport – tilbakemelding til sekretariatet om kven som kan køyre og har plass til passasjerar så raskt som mogeleg... |
| 11.00        | 26/19  | Godkjenning av innkalling og sakliste   |
| 11.05        | 27/19  | Godkjenning av referat frå førre møte – aksjonspunkt  |
| 11.10        | 28/19  | Orientering om Tronvik  |
| 11.40        | matykt |   |
| 12.10        | 29/19  | Aktuelt frå kommunane v/ Elin Therese Sørbotten<br>Høyanger kommune – Korleis opplever kommunen samhandlinga med Helse Førde v/ kommunalsjef Ingunn Indrebø.        |



|       |       |  |
|-------|-------|--|
| 12.40 | 30/19 | Revisjon av strategi for forskning og innovasjon i Helse Førde   |
| 13.10 | 31/19 | Budsjettkontroll – Framlegg til budsjett 2020 – sak til koordineringsrådet 27.november   |
| 13.15 | 32/19 | Open post - utvalet sin time – diverse/ eventuelt<br>Godkjenning av revidert retningslinje for vurdering av brukarmedverknad på systemnivå.<br>Deltaking i prosjekt, råd og utval<br>Utvalet sine saker til møte med styret i Helse Førde 28.oktober |
| 14.15 |       | Omvisning på institusjonen   |

| Nr    | Saker   |
|-------|---|
| 26/19 | Innkalling og sakliste godkjend – leiar ønske velkommen til Tronvik, og orienterte om at Åshild Steine Helleseeth er innvilga perimsjon frå utvalet fram til neste sommar. Torbjørg Aasen vert fast medlem i same periode.<br><br>Det vart også informert om justering av sakliste, med at Olav Hesjedal ville orientere frå drifta i Helse Førde under sak 31/19   |
| 27/19 | Godkjenning av referat frå førre møte – ingen aksjonspunkt. Avtale om at referat frå møta skal sendast ut til både medlemmar og vara.   |
| 28/19 | Tanja Steinvik gav ei utfyllande orientering om Tronvik som ved etableringa i 1956 var den fyrste opne psykiatriske institusjonen i landet. Det vart lagt til rette for utdjupe dialog med utvalsmedlemmane, og i presentasjonen syntte Steinvik lysbilder som gav godt innblikk i driftskvardagen og behandlingsfilosofien. Utvalsmedlemmane gav tydeleg uttrykk for at dei lot seg imponere over både institusjon og omgjevningar, og fullroste dei ulike verdiane som utgjer eit heilskapleg behandlingstilbod for målgruppa.  |
| 29/19 | Kommunalsjef Ingunn Indrebø frå Høyanger kommune var invitert av utvalet til å svare på «Korleis kommunen opplever samhandlinga med Helse Førde». Indrebø hadde intervjuar pleiepersonell i ulike kommunale driftsavdelingar, og presenterte eit varierende godt samarbeid med avdelingane i Helse Førde. Gjennom dialog med utvalet vart det konkludert med at samarbeidsutfordringane for Høyanger truleg er ei universell problemstilling for fleire av kommunane.   |
| 30/19 | Guro Mjanger presenterte «Revisjon av strategi for forskning og innovasjon i Helse Førde», og stilte spørsmål til utvalet kva brukarperspektiv dei vurderer som viktige å ta med i revisjon av framtidig strategidokument. Utvalet er velkomne til å kome med synspunkt på dette - sjå eigen presentasjon.  |
| 31/19 | Sekretariatet presenterte førebels rekneskapsresultat for august – forbruk omlag 195.000 NOK.<br><br>Framlegg til budsjett 2020 vart også presentert frå sekretariatet, og utvalet vedtok ei vidareføring av budsjett 2019, men med oppgradering til 2020-kroner. Sekretariatet utarbeider sak som går til koordineringsrådet 27.november. I samband med budsjettet vart det orientert om at leiar og nestleiar hadde skrive brev, og påpeika det urettvise i høge meirutgifter ved at fellessamlingane for brukarutvala vert arrangert i Stavanger. Utvalet stiller seg bak brevet som vert send til RBU.<br><br>Aksjonspunkt: Olav Hesjedal sjekkar om HFD får ekstra midlar til FBU i høve |



|       |  |
|-------|--|
|       | <p>fellessamlingar i regi av Helse Vest.</p> <p>Olav Hesjedal orienterte frå aktuelle styresaker i Helse Førde – sjå eigen presentasjon.</p>   |
| 32/19 | <p>Under open post var det rom for erfaringsutveksling mellom medlemmane, samt rapportering frå eiga prosjektdeltaking. Nestleiar føretok gjennomgang av liste for representasjon i prosjekt, råd og utval.</p> <p>Sekretariatet presenterte revidert retningslinje for vurdering av brukarmedverknad på systemnivå, slik det var semje om i forrige utvalsmøte. Retningslinjene vart godkjend.</p> <p>Diskusjon omkring saker til møte med styret i Helse Førde 28.oktober. Utover det som elles kom fram i møtet, melder medlemmane andre framlegg til leiar/nestleiar som tek ei avgjer om kva utvalet vil ha agendaen i det planlagde møtet med styret. Frist for å melde inn saker til leiar/nestleiar i høve møte med styret i HFD er 1.oktober.</p> |
|       | <b>Aksjonspunkt</b>  |
|       | Olav Hesjedal sjekkar om HFD får ekstra midlar til FBU   |